

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Statlige/regionale aktører

Orgnr 921060157

Namn på verksemd Fjordane interkommunalt politisk råd

Adresse Rådhusvegen 11

Postnummer/-stad 6770 Nordfjordeid

Kontaktperson

Namn Elisabeth Birkeland Hatlenes

Telefon 41045026

E-post elisabeth.hatlenes@regionfjordane.no

Enhet i virksomheten Fjordane IPR / Region Fjordane

Innspel

2.2 Plansystemet

Formålet med planprogramma er å styrkje berekraftig utvikling, innovasjon og kompetansebygging i heile fylket, og å skape eit betre grunnlag for samordning mellom kommunar, næringsliv og utdanningsinstitusjonar. Vi er positive til at fylkeskommunen prøver å samordne planarbeidet, og vi har forståing for at dette er krevjande i eit fylke med store geografiske og strukturelle variasjonar.

Vi vil samstundes peike på at planprogramma er uvanleg detaljerte. Det er difor naturleg at høyringssvaret vårt òg blir meir omfattande og inneheld fleire detaljar enn det som vanlegvis høyrer med på dette stadiet i planprosessen. Uttalen skal ikkje ta stilling til sjølve planane, men bidra til at dei rette tema vert utgreidde, at

lokale behov og utfordringar vert tekne omsyn til, og at framdrift, organisering og medverknad vert lagt opp på ein god måte.

2.3 Gjennomgåande omsyn

Vi meiner planprogrammet peikar på sentrale tema, men vil understreke at desse må bli behandla med utgangspunkt i dei ulike føresetnadene som byar, regionsenter og distriktskommunar har. For mange distriktskommunar er naturgitte næringar som landbruk, reiseliv, fiskeri og energi ein grunnstein for lokal verdiskaping. Det er viktig at desse vert ivaretekne i planarbeidet utan at det blir lagt for sterke regionale føringar som kan hindre lokal utvikling eller tilpassing.

For å lukkast med grøn omstilling og ny verdiskaping må planen ta høgde for tre avgjerande omsyn: tilgang på kraft, kapital og kompetanse. Tilgangen på kraft er i aukande grad ein flaskehals for utvikling, kapitaltilgangen er ofte avgrensa i distriktskommunar, og tilgang på rett kompetanse krev desentraliserte utdanningsløysingar og tettare kopling mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar. Vi meiner desse omsyna må vere ein raud tråd i det vidare planarbeidet dersom ein skal skape berekraftig utvikling i heile fylket.

3.1 Omstilling og konkurransekraft

Vestland har store føresetnader for berekraftig verdiskaping, men også ulike utfordringar i byar, regionsenter og distriktsområde. Fylkeskommunen har ei viktig rolle i å samordne planlegginga, løfte fram dei samla behova regionalt og bidra til å peike ut retning for vidare satsingar. Her kan fylkeskommunen bidra gjennom å vere ein tydeleg stemme inn mot statlege prosessar, gjennom å samordne utdannings- og kompetansetilbod på regionalt nivå, og ved å støtte opp under innovasjonsmiljø og næringshagar i samarbeid med andre aktørar.

3.2 Kompetanse og inkludering

Kompetanse er nøkkelen til utvikling i heile Vestland. Vi støttar opp om at fylkeskommunen tek eit regionalt ansvar for å følgje opp dette arbeidet, særleg gjennom å sikre desentraliserte og fleksible utdanningstilbod som gjer det mogleg å bygge kunnskap nær folk, der dei bur.

Det er avgjerande å bevare eit mangfald av vidaregåande skuletilbod i heile Vestland. Overkapasitet må ikkje åleine vere kriterium for reduksjon eller nedbygging. Ved vurdering av skuletilbod bør ein òg legge vekt på fleksibilitet, geografisk spreiding og samarbeid mellom skulane for å kunne oppretthalde linjer med få søkjarar og sikre eit relevant tilbod i heile fylket. Dei vidaregåande skulane i distrikta er viktige utdanningsarenaer som gir lokalt tilpassa fagtilbod, arbeidsplassar og ein sentral rekrutteringsveg for næringslivet.

Planen må ha tydelege mål om desentraliserte og fleksible tilbod innan vidaregåande og etter- og vidareutdanning, slik at ungdom og vaksne kan tileigne seg kompetanse nær der dei bur. Gjennom Kompetanseforum Vestland bør fylkeskommunen ta ein aktiv rolle som pådrivar for samarbeid om desentraliserte utdanningsløysingar og tettare kopling mellom utdanning og arbeidsliv.